

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3747 - 15/33190

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

28.10.2015

FEDJE SKULE - TILSYNSRAPPORT 2015

Fedje skule er ikkje godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*, da den ikkje tilfredsstillar forskriftas krav til godkjenning.

Den 27.10.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn saman med rektor Linda Husa.

➤ **Tilsyn**

Fedje skule har 73 elevar i 2015.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

§ 4; Ansvar. Internkontroll

- Denne er tilfredsstillande.

- **Avvik**

Under tilsynet vart det ikkje oppdaga nye avvik. Avvika er kjent frå tildegare.

§ 9; Utforming og innreiing

1. Skulen har ikkje universell utforming.

Dersom ei elev med spesielle behov eller nedsett funksjonsevne skal begynne på skulen, må skulen legge forholda til rette for denne eleven.

§ 19; Inneklima/luftkvalitet

2. Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima. (Inneklimarapport 2014: Ref. 2014/224 – 2366/3014).

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Observasjon**

§§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehold

- Skulen har vedlikehaldsplan. Denne bør gjerast kjent for rektor.
Skulens eigar og leder må syte for at det føreligg tilfredsstillande planar og rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald. Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert oppretthaldt for heile bygningsmassen.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

- Skulen bør vurdere sikring av gelender på avsats.
Jamleg risikovurdering må leggest til grunn for skulens førebyggjande arbeid.

§ 23; Sanitære forhold

- Ved ev. ombygging av toalett, bør det vurderast vegger frå golv til tak for å hindre innsyn.

➤ **Konklusjon**

Skulen tilfredsstillar ikkje krava til godkjenning etter «forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular». Skulen har bl.a. ikkje tilfredsstillande inneklima og manglar universell utforming.

§ 6 Krav om godkjenning.

Virksomheter som omfattes av forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

Miljøretta helsevern har valgt å ikkje fatte vedtak om retting av avvik påpeikt ved tilsyn 27.10.15. Dette på grunnlag av at avvika har vore påpeikt sida 2006, men framleis er ikkje avvika lukka.

Kommunen må fatte vedtak som kan lukke avvika, slik at elevar og tilsette får dei arbeidsforholda som dei har krav på i samband med forskrifter og lovverk, samt at Fedje skule kan godkjennast etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular».

Det er ikkje haldbart at elevar og tilsette ikkje har t.d. tilfredsstillande inneklima år etter år.

Med helsing

Ernst Horgen
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

Kopi til:

Linda Husa
Øyvind Tolleshaug
Vidar Bråthen